

# HYRDINGEN



NR. 4

September 2017

ÅRGANG 59

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Sildjazz i Skjold kyrkje.  
Denise Gordon og Jazzin' Babies.

## Sideoversikt:

Presten har ordet	2
Konfirmantar i Sandeid 2017	2
Redaksjonspennen	3
Min song	3
Olsokfeiring i Vats	4
Sokneråda i Vikedal og Imsland	5

Reformasjongudstenester hausten 2017	6
«Du seie du ikkje trur på Gud»	6
Kyrkja på nett	6
Konsert i Skjold kyrkje	7
Alpha-kurs i Ølen og Ølensvåg	7
Kyrkjene har fått VIPPS nummer	7

Frå kyrkjeboka	8
Innsamling til lynvernlegg	8
Gudstenester	10
Krukkesong	10
Møter og kunngjeringar	11
Krik-Telttur på Otertong	12



#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen

på konto: 3240.11.17937

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### SOKNEPRESTANE:

##### Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tysdag kl. 9 – 11 og torsdag

kl. 14.00 – 15.30, elles etter avtale.

##### Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,

Pb. 6, 5574 Skjold.

Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

##### Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,

Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:

Mobil: 952 46 234

##### Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

##### Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

## Presten har ordet

Sokneprest i Ølen og Bjoa Kari Vik Stuhaug



## «..som eit lite barn»

"Vett du ka? At i barnehagen så e det noken så seie at Jesus kan bu i hjerta...! Kan Jesus bu i adle sitt hjerta – på ein gong?" Det er storesøster til dåpsbarnet som fortel og som spør. Det er ikkje lenge sidan eg kom inn døra til heimen til eit av dåpsbarna. Storesøstre har tydelegvis venta på at presten skulle koma, og eg har berre så vidt kome innanfor døra før dei vil ha meg med på konsert. Opp trappa. Men først prate litt, blir me samde om. Storesøstre vil vera med.

Eg syns det er eit stort privilegium å koma inn i heimen til dei mange dåpsbarna. Det er særleg stas å møta søsken, og me kan snakka både om kva som skal skje i kyrkja, avtale om små hjelparar skal bera dåpsvatnet eller tørka hovudet til littlebror. Og nokon gonger får eg hjelp til å forklare kva dåpen er. "Kan Jesus bu i adle sitt hjerta – på ein gong?" eit stort spørsmål som har eit enkelt svar. JA. Storesøster er nøgd med det. Eg prøver meg litt på ei forklaring om at Jesus er jo Gud, og Gud kan vera over alt.... Men det er ikkje nødvendig. JA. Det er nok for storesøster på seks.

Er det nok for meg? Eg plar ha med meg dåpsliturgien på eit ark som eg

gir foreldra. Så snakkar me saman om det praktiske, om prosesjon og hjelparar. Kva tid dei skal reisa seg og koma fram. Samtidig les me litt av liturgien og eg prøver å forklara. Det er eit ganske metta språk. Teologiske ord og vendingar. Nådekjelde. Frelse frå synd og død. Sameint med Kristus. Er det nødvendig å forstå alle orda? Eg seier til foreldra at det ikkje er det. At i dåpen blir den vesle ein del av flokken til Jesus. Og så takkar me Gud for det nye livet. For me trur jo at alle er skapt av Gud! Så les eg gjerne ei av bønnene og fortel at her, ja, her ber me rett og slett for dykk som foreldre. At de skal få kjærleik og visdom i møte med barnet. Det syns eg er fint!

Og så hender det at små storesøsken kjem meg til hjelp. Jesus kan bu i hjarta! Ja, så enkelt er det. Han kan bu i alle sitt hjarta på ein gong. Og eg trong ikkje forklare stort meir enn det, denne gongen. Så stort. Så enkelt.

*«Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Markus 10,15.*

Det blei konsert i andre høgda også. Etterpå. Tusen takk!



**Konfirmantar i Sandeid 2017.** Dessverre var det sett inn feil namn på konfirmantane i Sandeid i nr 3. Vi trykker det derfor på nytt her.

**Sandeid** Frå venstre, bakerste rekkje: Jonas Vestbø, Jone Rørtveit, Leif Arne Matre Flatebø, Sokneprest Harald Eintveit, Ferdinand Eknes Bakkedal, Lars Furseth og Elias Jansen. Framme, frå venstre: Jonas Veim, Antonette Eknes Bakkedal, Kamila Cieslar, Johanne Selvaag og Oskar Larsen.



Av Steinar Skartland

## Valet

Så er det ennå ein gong val i Norge, der folk og parti kjempar om plass i Stortinget, vårt lovgjevande organ. Det er viktig å delta i dei demokratiske prosessane i samfunnet, også fordi det handlar om verdier i våre liv.

Gud ga oss si lov. Dei 10 boda er stabbesteinar som skal hjelpa oss menneske på rett veg i liv og i samfunn, både i forhold til nesten vår og i forhold til Gud.

- 1 Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.
- 2 Du skal ikkje misbruke Guds namn.
- 3 Du skal halde kviledagen heilag.
- 4 Du skal ære far din og mor di.
- 5 Du skal ikkje slå i hel.
- 6 Du skal ikkje bryte ekteskapet.
- 7 Du skal ikkje stele.
- 8 Du skal ikkje tale usant om nesten din.
- 9 Du skal ikkje trå etter eignedomen til nesten din.
- 10 Du skal ikkje trå etter ektefellen til nesten din, eller arbeidsfolka hans eller andre som høyrer til hjå han.

Det hender vi gjer feil, sjølv om desse stabbesteinane står der. Då skal du vita at det rette er å be om tilgjeving, hos Gud og hos den du har gjort gale imot. Og det rette er å tilgje den som har gjort gale imot deg. Det står skreve i Matteus' ev. 6,14-15:

«For om de tilgjev menneska misgjerningane deira, så skal òg Far dykkar i himmelen tilgje dykk. Men tilgjev de ikkje, skal heller ikkje Far dykkar tilgje misgjerningane dykkar.»

Hyrdingen fekk nytt kontonummer i sommar: 3240.11.17937  
Bruk dette til bladpenger, gåver og annonser.

## MIN SONG

Av Hanne Haraldseide Brekke

“Ren og rettferdig” minner meg om noko viktig. Vi er frelst bare på grunn av Jesus. Sjøl ei lita, svak tru er nok. Jesus blei ofra for oss, sånn at vi skulle få stå fullkomne framfor Gud. Vi kan tvila på om trua vår er nok. Om nåden er stor nok for meg. Men frelse er Gud sitt verk. Det er han som har gjort jobben, av sin nåde. Dette skjer på et øyeblikk, når vi vel å tru.

Tanker kan likevel komma, om at alle andre er så mykje bedre kristne. Men det er trua som gir frelse, og dei gode handlingane vi strever etter, er bare ein konsekvens eller ei frukt av at vi trur. Den heilage ande, som disiplane fekk i pinsen, skal læra oss kva som er Gud sin vilje at vi skal gjera og rettleie oss i modning av trua. Det er ein livslang prosess, som ingen blir fullkomne i. Men vi skal få halde fast på at: “For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.” Ef. 2,8.

### Song:

Ren og rettferdig,  
himmelen verdig  
er jeg i verdens Frelser alt nu.  
Ordet forkynner  
at mine synder  
kommer han aldri mere i hu.  
Å, jeg er frelst og salig fordi  
Sønnen har gjort meg virkelig fri  
fri ifra nøden,  
dommen og døden,  
amen, halleluja!



Denne gongen er det Hanne Haraldseide Brekke, trebarns-mor frå Skjold og fast med i redaksjonen for Hyrdingen, som presenterer «Min Song». Ho har valt seg salmen «Ren og Rettferdig»

Lenge jeg tenkte  
Gud ikke skjenkte  
nåde til meg, så fattig på alt  
Å måtte lide,  
kjempe og stride  
stod for mitt hjerte levende malt.  
Men i min strid, min bedring og flid,  
fantet det bare avmakt og død  
Lammet har vunnet,  
blodet har runnet,  
amen, halleluja!

Å hvilken nåde  
midt i all våde:  
Kristus har kjøpt oss just som vi er!  
Han måtte lide,  
kjempe og stride,  
Han måtte stå mot helvedes hær.  
Nu er vi frie – hør og gi akt:  
Synden på verdens Frelser er lagt!  
Gud nu forkynner  
nåde for synder,  
amen, halleluja!

Salmen er skriven av lekpredikanten og songforfattaren Ole Brattekaas i 1895.

## Brandøyhelga 2017

Av Annbjørg N. Våge / utdrag  
(meir frå Brandøy i neste nr)

Små og store har kosa seg saman både gjennom den nokså ferske Brandøylaudagen 19. august, og den meir tradisjonsrike Brandøydagen 20. august. Ole Bjørn Landsverk opna helga med ei open temasamling der overskrifta var «Du er min Gud og du gjer meg heil». Kvelden vart avrunda med konsert av Sveinung Andersen. Gjennom både song, musikk og ord gav han ei flott konsertoppleving med viktig og sentralt innhald. Trass i plaskande regnver fann nær-

mare 250 personar vegen til Brandøy på sjølve Brandøydagen! Særleg kjekt er det at vi samlast saman med folk frå Bjoa og frå både nærliggjande bygder som til dømes Vikebygd, Ølensvåg, Ølen, Etne og Vats, og også med folk som har reist litt lenger, frå til dømes Bømlo, Stord, Fitjar, Sveio, Odda og Kvinnherad. Ingebrigt S. Sørfonn tala på stormøtet, songgruppa JOY bidrog med flott song, og ein dyktig gjeng frå Skjold leia allsongen. Omlag 50 born var i aktivitetshallen på «speedleir». Saman med Jakob og Julie Saghaug samlast 20 ungdommar i løa. Helga vart avslutta med familietreff. Flott å treffa så mange støttespelarar.

# Olsokfeiring i Vats



*Flokken som stoppar opp nedanfor Nesheimsskaret, og ser mot kyrkja, målet for pilgrimsferda.*

Av Trygve Sandvik.

Laurdag 29. juli var det lagt opp til pilegrimsvandring og deretter kveldsbøngudsteneste (vesper) i kyrkja i Vats. Pilegrimsferda starta ved kyrkja kl. 1700. Det var lagt opp to løyper, ei som starta med bil frå kyrkja og opp til garden til Eivind Frøland på Tørresdal, og deretter fottur på ca. 4 km attende til kyrkja. Den andre løypa var ein kort fottur frå kyrkja over Eide og Kårhus. Olav Velde og Steinar Sørhus var turleiingar over Tørresdal, og Jon Ådnøy var med dei som gjekk over Eide og Kårhus. I alt var det 22 som var med på den lengste løypa medan 6 deltok på den korte.

Å vera pilegrim er å vera undervegs mot eit heilagt mål. For nokon er målet det viktigaste, for andre vandringa. Ein del av ferda går ein saman og snakkar, medan ein går stille den andre delen. Nokre stader stoppar ein og samlar seg om Guds ord og syng ein salme, og det vert sagt fram ei bøn.

Turen over Tørresdal gjekk for det meste på traktorveg, og i førstninga gjekk me og snakka med kvarandre. Etter 15 – 20 minuttar var det tid for skriftlesing, salmesong og bøn. Deretter var det stille vandring heilt fram til me hadde utsyn til kyrkja like nedanfor Nesheimsskaret. Då hadde me målet i sikte, og "snakkeforbodet" vart oppheva, og vandringa held fram

ned gjennom beitet til Espen Åserød.

Det vart ein liten stopp ved Vatsvatnet like nedanfor sjukeheimen der det vart servert kaffi, saft og kjeks før følgjet samlast utanfor kyrkja. Ein fin tur der både regn og litt sol prega turen.

Kl. 1900 var det musikalsk kveldsbøn i kyrkja. Eit utvida familiekor leia av Per Egil Meling, framførte den norske omsetjinga av den russiske ortodokse kveldsbøna av den russiske komponisten Sergej Rachmaninov som spegla den russiske originalen. Dirigent var Dag Johannessen som saman med kona, Solveig Meling Johannessen, har vore misjonær ved Immanuelkyrkja i Bangkok. Tekstane i kveldsbøna (vesperen) var basert på Davidssalmar, bøner, hymnar og andre liturgiske ledd.

Initiativtakar og drivkrafta bak framføringa var Per Egil Meling som gjennom mange år har løfta fram kristen songtradisjon frå mange kjelder.

Etter framføringa inviterte Per Egil

alle framfømte i kyrkja til eit festsamvær i gymnastikksalen på tidlegare Øvre Vats skule med betasuppe og nytt om misjonsprosjektet som Vats kyrkjelyd støttar i slummen i Bangkok.

Ca. 70 stk. samlast på tidlegare Øvre Vats skule, og det var ein underhaldande kveld der familien Meling framførte både song, musikk og sketsj i tillegg til orientering om misjonsprosjektet. Bakteppet for samlinga var at ekteparet Kari og Per Egil hadde feira store dagar, og dette skulle også kyrkjelyden få vera med og ta del i. Dei ville ikkje ha noko merksemd, men ville ein støtta misjonsprosjektet, Immanuel musikk-skule konto 3240 11 33142, med ei gåve sette dei stor pris på dette.

Det vart ein svært så gild laurdagskveld med ikkje berre betasuppe som annonsert, men også eit kakebord med frukt og bær i tillegg til dei mange bakverk. Klokka nærma seg søndag då Per Egil runda av og takka for framfømte.



*Musikframføring under festsamværet på Øvre Vats tidlegare skule.*



Utvida familiekor leia av Per Egil Meling, framførte den russisk ortodokse kveldsbøna på norsk. Foto Steinar Sørhus.

## Soknerådet i Vikedal

### Korleis går det i Vikedal?

Den viktigaste saka for soknerådet i Vikedal har den seinare tida vore arbeidet med overtaking av Vikedal bedehus. Dette er i slutfasen, samstundes som soknerådet, med god hjelp av frivillige pengeinnsamlarar, har starta arbeidet med oppussing av bedehuset. Huset blir pr. i dag helst brukt i samband med klubbkveldar for Vikedal ungdomsklubb, og oppussinga tar i første omgang sikte på å modernisera dei lokala som klubben nyttar. Dersom pengane strekk til utover dette, vil me prøve å etter kvart renovere heile huset.

-Elles har me ansvaret for gullkonfirmantane for dei indre bygdene i år, og planlegg salmekveld i samband med Luther-jubileet. Me er også i gong med naudsynt vedlikehald av kyrkjegardane.

-Oppslutninga om gudstenester

er vel så som så. Det kjem ein del folk når det er noko «ekstra» som skjer, slik som barnedåp, konfirmantpresentasjonar etc, og på dei gudsteneste som tradisjonelt er godt besøkt, som jul, 17.mai etc. Elles er det helst tynt i benkene. Me prøver å lokke folk til å kome med kyrkjekaffi, kaker, vaflar o.l., og har også prøvd oss med konsertar, med vekslande hell. Vi har også ymse trusopplæringsarbeid.

fortel Andreas Andreassen

## Soknerådet i Imsland

### Korleis går det i Imsland?

-Oppslutninga på gudstenestene kunne vore langt betre. Håpar folk vil komma meir framover. Trusopplæringsarbeidet som blir arrangert for born er det bra frammøte på, men det er ingen faste aktivitetar for born, ungdom og eldre kvar veke i Imsland. Me håpar på å få god oppslut-



ning på kor-arbeid i framtida, fortel Marita og Jolaug.

Kristi Himmelfartsdag var det, tradisjonen tru, familiemesse for heile Vindafjord i Imsland kyrkje, med sosialt samvær etterpå.

- Vi har en flink prest, var Liv Hoff Imsland sin kommentar til dette bildet av Harald Eintveit som vandra rundt på stylter.



Soknerådet i Vikedal. Bak frå venstre: Andreas Andreassen, Johannes Holten Leifsen, Monica Reimers Leifsen, Harald Eintveit. Framme frå venstre: Gerd Ellinor Eikje, Anny Øverland og Hilde Fosen. (Guri Gjerde var ikkje tilstades). Foto: Øivind Jønsson



Soknerådet i Imsland. Bak frå venstre: Harald Eintveit, Jolaug Sæle Kaldheim, Sigmund Espevold, Hans Ilstad og Liv Hoff Imsland. Framme frå venstre: Siv Helen Olsen, Berit Haugland og Marita Staurland. Foto Øivind Jønsson

# Reformasjonsgudstenester hausten 2017

Av: Kirkerådet / Redaktøren

**31. oktober 2017 er det 500 år sidan Martin Luther offentleggjorde dei 95 tesane sine mot kommersialisering av avlat. Dette blir rekna som starten på det som utvikla seg til den lutherske reformasjonen. I 2017 vil lutherske kyrkjer og andre kyrkjesamfunn over heile verda markere hendinga på ulike måtar.**

Saman med andre lutherske kyrkjer i alle verdsdelar har Den norske kyrkja valt å setje søkelys på tema som er svært sentrale for kyrkjene i dag: Hovudtema er «Nåde», med tre undertema: «Frelsa er ikkje til sals», «Menneske er ikkje til sals» og «Skaparverket er ikkje til sals».

For å få til ei markering av reformasjonsjubileet som både er landsdekkjande og samtidig heilt lokal, har hovudkomiteen for jubileet under leiing av preses Helga Haugland Byfuglien teke initiativ til at det skal heldast fire temagudsteneste i alle kyrkjelydar hausten 2017. Dette er så endeleg vedteke av Kyrkerådet. Det er vedteke eigne bibeltekster for desse gudstenestene, som erstattar dei faste tekstene frå 1. rekke. Det vil bli utarbeidd ressursmateriale til gudstenestene, for å gi hjelp til førebuinga. Det vil òg bli utarbeidd studiemateriell til bruk i grupper (bibelgrupper, samtalegrupper osv.) der ein kan arbeide med temaa i forkant av gudstenestene.

Datoane som er sett opp er 27.

aug., 17. sept., 15. okt. og 19. nov., men med lokale tilpassingar til kyrkjene i Vindafjord.

## Betydd mye for demokratiutviklingen

-Luther og reformasjonen har påvirket Europa i betydelig grad. Reformasjonen var helt fra starten var dypt forankret i humanistisk tenkning, og holdt rasjonalitet og kritisk tenkning høyt. Pavens tolkningsmonopol ble utfordret. Reformasjonen vektla skole og opplæring, ansvar til lekfolket og kritikk av makt. Dette har betydd mye for demokratiutviklingen. Men vi må i reformasjonsåret også se på historien med ambivalens. Ikke minst når det gjelder Luthers uttalelser om jødene, seier kirkerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum.

## «Du seie du ikkje trur på Gud»

Sangtekst av Anne Lise Brekke Lien

Du seie du ikkje trur på ein Gud  
men ingen andre har ditt DNA  
Du seie du ikkje trur på ein Gud  
men kor kom DNAet i fra ?  
Du seie du ikkje trur på ein Gud,  
men du har et hjerta som slår...  
og det slår og det slår år for år...

Du seie du ikkje trur på ein Gud,  
men ein soloppgang seie vel sitt ?  
Du seie du ikkje trur på ein Gud,  
ka med designaren bak hjerta ditt ?  
Du seie du ikkje trur på ein Gud,  
men du har ett hjerta som slår...  
ja, det slår og det slår år for år...

og her er ingen himmel-men ein gong vil det bli,  
blir matt og svimmel – av slagå Satan gir,  
å sei at det er Guds skyld – er kje sannhet det,  
fekk Gud bestemta – levde mennesker i fred

Du seie du ikkje trur på ein Gud,  
om Han avvise kvar homofil ?  
Gud avvise ingen – for Han er me gull –  
så høgt elska og så verdifull  
Guds ord om velsigning av kvinne og mann  
er et ord som alltid står fast,  
om du sko føla feil - gå te korset med di last

Om ikkje tru på løggen-at du er født «med feil»  
Guds ord helbreda – gir deg nye tankeseil  
mot åndsmakt som vil stjela familie og barn  
Som edderkoppen – spinne Satan sine garn

Skal Guds ord enn råda blant kvinne og mann,  
eller vil me gi lystene lov ?  
Når lyster forføre folk vekk fra Guds plan  
er det fienden som går på rov  
Me har å forkynna Guds ord slik det står,  
om man ikkje folkets gunst får  
Forkynn sannhet for folket – me høsta det me sår..

Guds hjerta romma alle – me like er for Gud  
Me når kje himmelen ved kunn å følge Herrens bud,  
Me alle trenge korset og tilgivelse i Jesu blod,  
Det er det einaste som er god nok himmelbro

Om og du sko ha tittel – som skeiv og homofil,  
Gud gir kje tittel og Han har jo kunn ein sil,  
Så du var verdt å dø for, Hans sønn blei torturert,  
Han vil ha relasjon med det barnet Han har kjært

Guds kjærlighet er nåde - det vil det alltid bli,  
Får del i kraften - når me i Guds ord vil bli,  
Hans ord for oss er gode, om du syns nåken svir?  
La Guds ord råda-i Guds kraft og plan du blir



Om sinnet bombarderes av fienden på rov,  
Så bind opp tanken - ikkje gi den lysten lov  
Gud har jo også lovar, som følges må for at  
Du kan bli velsigna-husk du er Guds store skatt

## Kyrkja på nett

Av Kari Vik Stuhaug,  
sokneprest i Ølen og Bjoa

Kyrkja i Vindafjord har i sommar tatt i bruk nye nettsider som du finn på denne adressa:

[www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no)

Sidene blir bygd opp gradvis, og det står ein del att før dei har fått den forma ein ønskjer. I første omgang har gudstenestelista og påmelding til konfirmasjon og trusopplæring fått prioritet. I gudstenestekalenderen kan du rekna med at sist oppdaterte informasjon er synleg.

Det er ein stor lette i administrasjon når vi no kan bruka elektronisk

påmelding til ulike tiltak. Dette er også ei løysing som særleg dei yngre er godt vane med i dag.

Me håpar publikum vil ha nytte av å finna informasjonen om kyrkja og kyrkjelege tenester på nett, og me vil veldig gjerne ha tilbakemelding både på innhald og funksjonalitet. Men me må også be om litt tolmod i utviklingsperioden.

Konserten i Skjold kyrkje med

# Denise Gordon, Jazzin' Babies og Shannon Barnett

(Sjå foto på framsida)

Av Steinar Skartland

**Ei sprudlande Denise Gordon og det norske jazzorkesteret, Jazzin' Babies, fylte kyrkja i Skjold og dei 158 som hadde kjøpt billett, med glade gospeltonar fredag 11. august.**

Denise prøvde nok å få litt Halle-luja og Amen rop til songane, men for trauste vestlendingar er det ikkje lett å frigjera seg frå vanen om å sitja stille i benkeradene. Ein del føter tok etter kvart til å røra på seg til rytmen og applausen vitna om at musikken vart sett pris på.

Den engelske jazz/blues songarinna Denise Gordon har turnert på den internasjonale jazzscena i over 10 år. Den musikalske inspirasjonen hentar ho frå sine karibiske røter og amerikansk gospel, og står såleis støtt i den afro-amerikanske musikktradisjonen. Jazzbandet var forsterka med australske Shannon Barnett på trombone, som imponerte med sin spelestil. Shannon er ein allsidig australsk trombonist, vokalist og komponist, utdanna ved 'Victorian College of the Arts'.

Jazzin' Babies består av Torgeir Koppang (piano), Per Johan Frydenlund (trommer), Jermund Kristiansen



*Torgeir Koppang imponerte på flygelet under konserten. Han er ein av Noregs aller fremste unge jazzpianistar. Med klassisk bakgrunn underviser han ved Norges Musikkhøgskole og deltar på jazzfestivalar i inn- og utland. Han er fast pianist for Kongelige Norske Marines Musikk-korps og Stabsmusikken og får innimellom tid til å spele for Rikskonsertane, og suksess – oppsettingar som Sound of Music, Mamma Mia m.m. på Chat Noir.*

(bass), Torbjørn Kristiansen (banjo), Shannon Barnett (trombone), Erik Eilertsen (Trompet), Lars Frank (Klarnett og saxofon), og med vokalisten Denise Gordon.

## Alpha-kurs i Ølen og Ølensvåg

Denne hausten (okt/nov) vil det bli starta Alpha-kurs i Ølen og Ølensvåg.

### Kva er Alpha?

Alpha er ein serie med samlingar i fellesskap og grupper der det er fokus på kva kristen tru handlar om og kven Jesus Kristus er. Her kan du koma med både tvil og tru og det skal vera god plass for undring.

### Kven er det for?

For alle som er nysgjerrige. Undervisninga ynskjer å oppmuntra til å snakka saman og utforska det grunnleggande i kristen tru. Det er venleg, ope og uformelt. Ingen spørsmål er upassande, og ein kan delta i samtalen så mykje eller lite ein sjølv vil.

### Korleis er programmet?

Alpha består av 10 samlingar pluss ein weekend. Kvar samling inneheld mat, undervisning og ein gruppesamtale der du kan sei di meining. Når som helst, viss du kjenner at dette ikkje var noko for deg, kan du hoppa av. Det er ikkje noko press, ingen oppfølging og ingen betaling.

Ynskjer du å vita meir kan du ta kontakt med ein i leiargruppa: Lars Dalen tlf 98 28 68 26, Berit Ølfarnes tlf 90 73 37 88, Helge Johan Stautland 91 80 47 75 eller John Birger Wold tlf 98 28 68 13.



## Betal med mobiltelefonen Kyrkjene har fått VIPPS nummer

**Det er ikkje så vanleg lengre å gå med pengar på seg. Mange har berre mobiltelefonen og bank / kredittkort i ei lomme på denne. Så korleis skal ein då ordna seg med offer til kyrkjene?**

-Nokre av sokneråda har bede om at det vert ordna med såkalla VIPPS-kontoar slik at ein kan gje offer ved hjelp av ein APP på mobiltelefonen, fortel kyrkjevjerje Inghart Lasse Tveit.

-Det tek til å minka på kontantar mellom folk.

-Her er altså nummera som glade gjevarar med mobiltelefon kan nytta seg av ved offer og kollektar. Det må sjølv sagt informerast om dette på ein måte som det einskilde sokneråd finn mest tenleg. Ein må vidare vera merk-sam på at dei som står for betalingsformidlinga skal ha 2,5% gebyr av gjevarsummen. Dette til orientering.

Kvart sokn har fått sitt eige nummer, og desse er for offer i dei respektive kyrkjene:

### IMSLAND SOKN

vipps-nummer: 111184

### ØLEN/BJOA SOKN

vipps-nummer: 111171

### SKJOLD/VIKEBYGD SOKN

vipps-nummer: 112350

### VATS SOKN

vipps-nummer: 111163

### SANDEID SOKN

vipps-nummer: 111180

### VIKEDAL SOKN

vipps-nummer: 111179

-Sokneråda i Vindafjord har nå gjort avtale om betalingsformidling via mobilappen VIPPS som då kan nyttast ved t.d. offer, fortel kyrkjevjerje Inghart Lasse Tveit.

Ein kan fortsatt nytta kontantar!

**vipps**

	Døde	Døypte	Vigde
<b>Bjoa</b>	30.05.17 Agnes Berta Miljeteig f.1926 31.07.17 Edith Irene Hauge-Johansen f.1954 07.08.17 Gudrun Valen f.1932	04.06.17 Caroline Tønnessen-Vestbø 02.07.17 Jonas Hundhammer	
<b>Imsland</b>			
<b>Ølen</b>	28.05.17 Anna Serine Svendsbøe f.1924 19.06.17 Arne Olav Strand f.1941  01.07.17 Jan Gunnar Skogen f.1946 07.07.17 Ingrid Søndena f.1922 02.07.17 Lars Malvin Hustveit f.1937 26.07.17 Solveig Margrete Frønsdal f.1930	28.05.17 Athelia Nordtveit Rullestad 28.05.17 Maren Eikesdal Gravdal  11.06.17 Håkon Hundhammer 20.08.17 Milla Haraldsen Åsbø 20.08.17 Thea Vinjerui Vaka 20.08.17 Tom Martin Tvitekkja Siglen	10.06.17 Drude-Mari Solheim og Ole Martin Simlenes 17.06.17 Anita Ivesdal og Endre Frafjord 08.07.17 Liljan Espevik og Amund Klokkernes 08.07.17 Anne Marie Granberg og Kees André Zwikker Fjellvang
<b>Skjold</b>	27.05.17 Signe Talette Dagsland f.1926 22.06.17 Signe Jacobsen f.1926	18.06.17 Gabriel Stenius Amland 18.06.17 Daniel Safi Gülen 18.06.17 Andreo Vestre Strand 03.09.17 Nora Knutsen Frøyland	19.08.17 Ann Elin Strømø og Arnstein Berge
<b>Sandeid</b>	02.07.17 Ronny Gravelseter Skeie f.1974	28.05.17 Kristian Larsen 20.08.17 Ludvig Matre Stople 20.08.17 Sunniva Miljeteig Svendsen 20.08.17 Milla Kaldheim 20.08.17 Markus Bakkedal Grønnestad	05.08.17 Kristel Bjørkhaug og Andreas Reinholdt 05.08.17 Eli Kristin Aarak og Ole Strømø Kristensen 12.08.17 Siri Tesdal Tungesvik og Leif Rørtveit Vestbø
<b>Vats</b>	03.06.17 Johannes Skrunes f.1918 04.08.17 Lambrigt Peder Landa f.1919 14.08.17 Nils Andreas Dahl Eidhammer f.1918	11.06.17 Jonas Eikeland (Refsnes) 11.06.17 Mari Anine Sørhus (Refsnes) 25.06.17 Elva Nordtveit 25.06.17 Martinius Helle 25.06.17 Christina Frøyland-Utbjo 13.08.17 Astri Magalhaes Ohm	22.07.17 Stine Selvåg og Tommy Hansen 05.08.17 Birgit Osmundsen og Leif Harald Strand
<b>Vikebygd</b>	24.05.17 Kari Marie Ulveraker f.1943 03.06.17 Sigrid Møllerhaug f.1921 04.06.17 Dagrund Aslaug Trovåg f.1927 11.06.17 Jan Asbjørn Bjørnevik f.1959 05.08.17 Birger Søndena f.1934		14.05.17 Line Merete Owe og Sindre Skogland Bjerga 11.06.17 Ramona Stensen Vestre og Heine Maurangnes 19.06.17 Beate Håland og Even Bjørnevik
<b>Vikedal</b>	30.06.17 Ågot Alice Vestbø f.1927 14.08.17 Richard Isaksen f.1963	04.06.17 Torbjørg Brekkå 25.06.17 Emilia Serpatauskaite Haugen 25.06.17 Vilde Tjelmeland Larsen 25.06.17 Vilde Tjelmeland Larsen 25.06.17 Sondre Haraldseid 01.07.17 Martin Meling Lofthus 13.08.17 Edwin Aakre Nybru	03.06.17 Elise Kallestadbakken og Bjørn Steinar Helgevold 01.07.17 Ine Meling Lofthus og Marius Meling Lofthus

## Innsamling til lynvernanlegg - Sandeid kyrkje

Av Tore Tokheim,  
leiar i Sandeid sokneråd

Etter lynnedslaget og den påfølgjande brannen i kyrkjetårnet på Sandeid natt til onsdag 5. april, har det blitt gjort ein kjempejobb for å få kyrkja i stand att og klar til bruk. Det var med stor glede me kunne ha den første gudstenesta til fullsett kyrkje søndag 20. august.

I prosessen etter brannen, kom det som ei overrasking at det ikkje var noko form for lynavleiar i kyrkjetårnet. Dette meiner me bestemt at det har

vore for mange år tilbake. I tillegg har det kome fram opplysningar om at transformatoren som stod omlag 50m ovanfor kyrkja og det tilhøyrande leidningsnettet i luftspenn har hatt problem med lynnedslag fleire gonger. Etter at dette no er blitt grave ned, kom altså lynnedslaget i kyrkjetårnet. Det er difor soknerådet si bekymring at lynnedslag i kyrkjetårnet snarare vil vera regelen enn unntaket framover.

Eit fullverdig lynvernanlegg på kyrkja utgjer ein kostnad på omlag kr 185.000,- i tillegg til ein del dugnadsarbeid. Dersom ein skulle montera

eit slikt anlegg, ville det vera viktig å få starta medan stillaset rundt tårnet stod oppe. Soknerådet fekk tilbakemelding frå kyrkjevevja om at fellesrådet som eigar av kyrkja, ikkje ville ha høve til ei slik investering i overskadeleg framtid. Fleire av kyrkjene manglar lynvern, og det vil truleg vera vanskeleg å prioritera Sandeid, når fleire av dei andre kyrkjene er listeførte av riksantikvaren.

Det vart likevel gjeve klarsignal for at Sandeid sokneråd på eige initiativ kunne stå for montering av lynvern. Då ein hadde fått ferdige planar og

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ [LVS.NO](http://LVS.NO)

LUNDENESET VGS

Vi er en del av NLMVGS

LUNDENESET VGS

Vi er en del av NLMVGS

LUNDENESET VGS

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knapphus  
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus  
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank  
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)

Euro Florist

Best Design



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:  
93 21 66 79 / 52 75 88 60



kalkylar for arbeidet, vart det kalla inn til hastemøte i soknerådet fredag 30. juni. Sjølv om soknerådet meiner at dette ikkje ligg under rådet sitt ansvar, ser me det som så viktig, at det vart vedteke å starta monteringa. På torsdagen veka etter var nødvendige komponentar på plass, og i løpet av fredagen var den delen av monteringa som måtte gjerast frå stillaset ferdig. Dette var akkurat i siste liten, for allereie på måndagen starta demonteringa av stillaset.

Eit effektivt lynvernanlegg på ei kyrkje vil vera noko heilt anna enn den enkle lynavleiaren som gjekk frå tårnet frå gammalt av. Det viser seg at lynet ikkje nødvendigvis slår ned på det høgaste punktet og eit fullverdig

anlegg må verna heile bygget. Det kan vera råd å fullføra sikringa av tårnet og gi seg med det, men soknerådet vonar det skal vera råd å få til eit fullstendig anlegg slik at me kan vera trygge for å kunna behalda den flotte kyrkja i mange år framover.

Det vert søkt både til kommunen og andre etter støtte. Med dei positive tilbakemeldingane me får, har me stor tru på at me vil koma i mål dersom fleire støttar opp. Me vonar også at lesarane av Hyrdingen vil vera med på denne dugnaden.

Det er oppretta ein eigen konto for innsamlinga med kontonummer 3240.11.36699. Ein kan også nytta VIPPS. Takk for all støtte! Sandeid sokneråd.



DATO	Kyrkje	Kl.	Tittel	Info
<b>10.09.2017</b>	Vats kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	4-årsbok. Hausttakkefest. Takkoffer: Rogalandsgarden i Kamerun
Matt 20,1-16	Ølen kyrkje	11:00	Høgmesse	Dåp. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon. Kyrkjekaffi.
	Sandeid kyrkje	16:00	Høgmesse	Nattv. Takkoffer NMS. Anne Marie Reimers tek del.
<b>17.09.2017</b>	Imsland kyrkje	11:00	Temagudsteneste	Nattverd. Takkoffer til Diakoniarbeidet.
Matt 7,24-28	Skjold kyrkje	17:00	G 17	Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
<b>24.09.2017</b>	Mark Ølen kyrkje	11:00	Høgmesse	Konfirmantjubiläum 50 og 60 år. Nattverd. Takkoffer Sjømannskyrkja.
7,31-37	Vikebygd kyrkje	11:00	Høgmesse	Nattverd. Takkoffer til Norsk Søndagsskoleforbund.
	Vikedal	16:00	Familiegudsteneste	Utd.av Mi kyrkjebok. Roar Vik tek del. Takkoffer NMS.Kyrkjekaffi
	Vats kyrkje	17:00	Høgmesse	Misjonssøndag. Dåp og Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet.
<b>01.10.2017</b>	Bjoa kyrkje	11:00	Høgmesse	Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Joh 11,17-29 og 30-46	Sandeid kyrkje	11:00	Hausttakkegudst.	Takkoffer Sambolabo.
	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	Dåp. 4-årsbok. Hausttakkefest. Takkoffer til Rogalandsgarden i Kamerun
<b>08.10.2017</b>	Vats kyrkje	11:00	Høgmesse	50-årskonfirmantar. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Matt 8,14-17	Imsland kyrkje	11:00	Hausttakkegudst./fam.gudst	Takkoffer til NMS.Utd.av Mi kyrkjebok. Roar Vik tek del.
	Ølen kyrkje	17:00	Høgmesse	Kyrkjekaffi. Nattverd. Takkoffer til Indremisjonssamskipnaden.
<b>15.10.2017</b>	Vikedal kyrkje	11:00	Hausttakkegudst./temagudst.	Nattv.Takkoffer til diakoniarbeidet. Gullkonfirmantane innbedne.
Luk 20,45-21,4	Skjold kyrkje	17:00	G 17	Nattverd. Takkoffer til Sjømannskyrkja.

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

## Krukkesong - Åtte krukker syng sine songar

Krukkesong er eit nyskapande heilakustisk konsept mellom keramisk kunsthåndverk og musikk, på høgt kunstnarisk nivå. Kunsthandverkar Karoline Emmerhoff frå Haugegesund har laga store keramiske krukker. Sunniva Eliassen kjem heilt ifrå Alta med sin vakre song, og Ellen-Martine Gismervik frå Karmøy, men no busett i Oslo, vil spele for oss på sin cello.

Krukkesong er ei vidareføring av tanken om krukker som menneske, med ei ytre form omkring eit indre rom, men no er det rommet inni krukka det handlar om. At dette rommet

inni krukka kan peike mot eit anna rom, og at det kan finnast ein song der.

Kvar av dei åtte krukkene har sitt eige tema, og innhald. Vi får sjå, og deretter lytte til kva krukkene rommar. Musikken vil utdjupe innhaldet for oss. Det vil bli både salmar og Bach.

Den første konserten blir i Ølen kyrkje. Ein av konsertane, søndag den 8.10., blir ein del av Fartein Valen programmet for 2017, som satelittkonsert i kulturkirken Skåre i Haugegesund. I Ølen kyrkje blir dette den 6. oktober, kl. 19:30. Billettpris: kr 200. Arrangør: Ølen/Bjoa sokneråd.



## Sandeid bedehus

7.9.	torsdag	19:00	Sangkveld
11.9.	måndag	19:00	Bønnemøte
18.9.	måndag	19:30	Fellessamling Norsk Gideon
25.9.	måndag	19:00	Bønnemøte
2.10.	måndag	19:00	Bønnemøte
9.10.	måndag	19:00	Bønnemøte
16.10.	måndag	19:00	Bønnemøte
23.10.	måndag	19:30	Fellessamling. D.i.sjømannsmisjon, talar: Georg Kallevåg
30.10.	måndag	19:00	Bønnemøte

## Bedehusa i Vats

13.9.	onsdag	19:30	Øvre Vats, Muslimmisjonen
14.9.	torsdag	18:00	Basar til inntekt for Øvre Vats bedehus
22.9.	fredag	19:00	Kårhus, bedehusbasar
4.10.	onsdag	19:30	Øvre Vats, Gideon
24.10.	tysdag	13-20	Øvre Vats, Innsamling til Open Heart
25.10.	onsdag	19:30	Øvre Vats, NLM
26.10.	torsdag	19:00	Øvre Vats, Møte med Open Heart
15.11.	onsdag	19:30	Øvre Vats, Indre Sjømannsmisjon

## FamilieKRIK

10.9.	sundag	14:00	Lie
1.10.	sundag	16:00-18:00	Skjold Arena
5.11.	sundag	16:00-18:00	Skjold Arena
3.12.	sundag	16:00-18:00	Skjold Arena

## Vågen bedehus

6.9.	onsdag	19:30	Møte, Misjon Sarepta
10.9.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM
13.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
17.9.	søndag	11:00	Søndagsskule
17.9.	søndag	13:00	Søndagsaktiviteten
20.9.	onsdag	19:30	Møte, IMS Talar: Steinar Harila
21.9.	torsdag	19:30	Møte, IMS Talar: Steinar Harila
22.9.	fredag	19:30	Møte, IMS Talar: Steinar Harila
23.9.	lørdag	11:00	Generasjonssamling, IMS Talar: Steinar Harila
24.9.	søndag	19:30	Søndagsmøte, IMS Talar: Steinar Harila
27.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
1.10.	søndag	11:00	Søndagsskule
1.10.	søndag	19:30	Søndagsmøte, DISM Talar: Georg Kallevåg
4.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
8.10.	søndag	11:00	Søndagsmøte Talar: Elisabet Mat- tingsdal
11.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
15.10.	søndag	11:00	Søndagsskule
15.10.	søndag	19:30	Søndagsmøte Talar: Renate Aano Thingbø
18.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte

## Bedehusa i Skjold

7.9.	torsdag		Ersland: Bønnemøte
12.9.	tysdag		Austrheim: Flymisjonen
19.9.	tysdag		Isvik: Normisjon
21.9.	torsdag		Ersland: Bønnemøte
25.9.	måndag		Ersland: Yngres kl. 19:00
26.9.	tysdag		Ersland: Samemisjonen
27.9.	onsdag		Ersland: Basar Indre Sjømannsm.
3.10.	tysdag		Austrheim: Indre Sjømannsmisjon
5.10.	torsdag		Ersland: Bønnemøte
10.10.	tysdag		Isvik: Ev. Orientmisj. BE-gjeng
17.10.	tysdag		Ersland: NLM Misjonssambandet
19.10.	torsdag		Ersland: Bønnemøte

I tillegg føregår flg. arbeid i kyrkja:  
Barnakoret, Joy (unge ungdomar), Tripp-Trapp,  
familie-KRIK, speidarane og 60+.

## Demensaksjonen 2017

Helselaget i Nedre Vats arrangerer Bøsseinnsamling  
18.-24. sept. til Nasjonalforeningen. Ta vel imot oss.

## Kyrkjetunet i Ølen • www.kyrkjetunet.no

Familearbeidet på Kyrkjetunet, Ølen, vil til hausten bestå av familiesamlingane Show it, barnekoret Kids of Joy for 1.-7.klasse og Klubben for 5.-7.klasse. Nytt av året er at Lill Inge Velde er tilsett som medarbeidar på Kyrkjetunet med ekstra fokus på barn, ungdom og familie. Vats Miniklang slår seg saman med Kids of Joy. Datoar og klokkeslett for dei ulike arrangementa finn de på [www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no). Kurs i babysong, tysdagar kl. 10:30. Internasjonal samling torsdagar kl. 17:30. Klubb for 5.-7. klasse, 2.kvar fredag kl. 18:00 (15.9.; 29.9.)

## Vikebygd bedehus

14.9.	torsdag	19:30	Møte IMS
28.9.	torsdag	19:30	Møte Orientmisjonen
29.9.	fredag	19:30	Basar Normisjon
12.10.	torsdag	19:30	Møte Norsk Gideon
26.10.	torsdag	19:30	Møte, sjå plakat

## BRANDØY misjons- og konferansesenter

Påmelding til leirane er på [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

### Haustrreff 10.-12. november

10. klasse og opp

### Miniadventshelg 24.-26. november

2.-4. klasse

Ten-Helg 1.-3. desember 8.-10. klasse

Adventshelg 8.-10. desember 5.-7. klasse

## «60+ treff» i Skjold kyrkje til hausten

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønskjer velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen: Torsdag den 28. sept: Jens Tveit deler opplevingar med oss. Torsdag den 26. okt: Silje Holden Birkeland: Leseglede Torsdag den 30. nov: Kjem tilbake til dette. Her blir prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar. Velkommen!

## Innsamling av klede til Ukraina

Den årlege innsamlinga til Open Heart sitt hjelpearbeid i Ukraina blir i år slik:

**Måndag 23. okt Austrheimsbygda bedehus kl. 16:00-20:00**

**Tysdag 24. okt Øvre Vats bedehus kl. 13:00-20:00**

**Torsdag 26. okt Vikebygd bedehus kl. 12:00-18:00**

Open Heart har i mange år drive eit stort hjelpearbeid i Ukraina, særleg retta mot born og unge. Det er framleis behov for klede av alle slag. Dersom det ikkje passar på dei oppsette dagane kan de levera sekker heim til Ingeborg og Gudvin Vågen. Dei tek imot sekker heile året. Dei formidlar om lag 1000 sekker kvart år. Det står stor respekt av innsatsen deira. Ein bed om 50 kr. pr. sekk i transportstøtte.

Torsdag kveld, etter at semitraileren er fullasta, blir det møte på Øvre Vats bedehus kl. 19:00. Der vil Halvard Hasseløy visa bilete og fortelja om hjelpearbeidet. Det blir og ei god matøkt og tid til samtale om tilhøva i Ukraina. Med von om god oppslutning om innsamlinga, og at mange kjem på møtet med Halvard Hasseløy.

## Haustrkonsert i VATS 21. oktober

Til inntekt for det nye bedehuset/soknehuset i Vats. I Vindafjordhallen kl. 19:00. Forskjellige artistar som skal opptre: Magne Skålnes, Bente Kristin Eikanes, Carina Tysvær, Byrkja søstrene og Jorun Skjervheim. Vi har også vårt eige "husband" som spelar med dei fleste artistane.

# Krik-Telttur på Otertong



Av: Margunn Lygre Strømme

17.-18. juni var over 30 store og små KRIK-arar på telttur til Otertong. På laurdagen var stemninga på topp med sporrøp, andakt, lappesteiking på bål, spenn på boks, leirsong og kortspeling. Sjølv om veret kunne vore eit hakk betre, og myggane og knottane to hakk færre, hadde me

alle saman ein veldig god kveld i godt lag!

Sundagen vart brukt til å pakka ned telt og soveposar i ein forrykande fart. Her vart det sett mange nye verdsrekordar (i eit forsøk på å sleppa unna myggane og knottane som det hadde vorte mange fleire av i løpet av natta...).

Utdrag frå leirsongen oppsumme-

rer helga:

*"Vi skal være sammen, vi er verdens beste gjeng. Få og gi, være lykkelig, her på leir. Her på LEIR!"*

Med det vil me takka for turen, og ynskja alle velkomne til neste overnattingstur med familieKRIK. Denne blir 2.-4. februar. Då reiser me på skiweekend til Gullingen! Set gjerne av helga allereie no!



Aktivitetar på KRIK telttur



Laurdagskveld med mygg, knott og bålrøyk.

**Andaktstelefonen**

**380 91700**

Åpent belev døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten  
er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)



Kirkens SOS  
815 33 300

SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 19. oktober  
Frist for levering av stoff er  
23. september.